



## Sakspapir

Saksnr:	Utval:	Dato	
	Formannskapet		
	Kommunestyret		

  

Sakshandsamar:	<i>Bjørnar Fjellhaug</i>		
Arkivsaknr.:	23/1088	Klassering:	FE-150

### Handlings- og økonomiplan 2024-2027 og budsjett 2024

#### Vedlegg:

Gebyr- og betalingssatsar 2024

Eldrerådet - Innspel til Austrheim kommune sitt budsjett for 2024

Budsjett 2024 - høringsuttalelse fra NFU - END. 16. nov 2023

NFU Austrheim - Innspel til Austrheim kommune sitt budsjett for 2024

Oversendingsmail

Utdanningsforbundet - innspel til budsjett og økonomiplan 2024

Ungdomsrådet - Innspel til Austrheim kommune sitt budsjett for 2024

Oversendingsmail

FAU Årås skule - Innspel til Austrheim kommune sitt budsjett for 2024

Oversendingsmail

Samlingslista i Austrheim - Innspel til økonomi og handlingsplan 2024

Oversendingsmail

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - Innspel til Budsjett 2024

Oversendingsmail

Innspel til budsjettframlegget og økonomiplan 2024 - kultur

Oversendingsmail

Innspel til budsjett - utbetring av vegen på Leikvoll

Budsjett 2024 tekstdel - Austrheim sokn

#### Kommunedirektøren si tilråding:

#### ***Austrheim kommunestyre vedtek:***

1. Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2024 og handlings- og økonomiplan 2024-2027 slik det ligg føre.
2. Kommunestyret godkjenner driftsbudsjettet for 2024 slik det går fram av §5-4 løyvingsoversikt drift første ledd.
3. Kommunestyret godkjenner investeringsramma 2024 slik det går fram av §5-5 løyvingsoversikt investering andre ledd.
4. Kommunestyret godkjenner finansiering av investeringsbudsjettet for 2024 slik det går fram av §5-5 løyvingsoversikt investering første ledd.

5. Investeringsbudsjettet for 2024 sjølvkost er basert på forventa framdrift på vedteken VA-plan. Ut frå framdriftsplanen vil Austrheim kommune ta opp kr 10 000 000,- i lån i 2024.
6. Det vert teke opp kr 5 720 000,- i lån til å finansiere investeringar i varige driftsmidlar i tråd med investeringsplanen.
7. Det vert teke opp lån i Husbanken til vidareformidling (startlån) på inntil kr 7 500 000,-.
8. Økonomiplan for 2024-2027 og årsbudsjett for 2024 blir vedteke, jf. Bevilgningsoversikt drift §5-4 og økonomisk oversikt drift §5-6. Årsbudsjettet for 2023 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei ulike hovudområda.
9. Finansielle måltal for utvikling av kommunen sin økonomi, jf. kommunelova § 14-2 c), vert lagt opp ut frå slike målsetjingar i kommande fireårsperiode:
  - a. Netto driftsresultat skal i økonomiplanperioden i snitt vere minimum 0,1% av brutto driftsinntekter, men skal i perioden gå mot eit måltal på 3 %.
  - b. Gjeldsgrad (netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter) på maksimalt 85%.
  - c. Disposisjonsfondet skal vere på minimum 13% av brutto driftsinntekter.
10. Kommunedirektøren vert gjeven fylgjande fullmakter innanfor budsjettet sine rammer (jf. Økonomireglement og kommunen sitt finansreglement):
  - a. Budsjettreguleringar som fylgjer av sentrale og lokale lønnsoppgjer.
  - b. Budsjettreguleringar innanfor sektorane sine rammer.
  - c. Gjennomføre låneopptak av nye lån og refinansiere tidlegare låneopptak. Her under aksept av lånevilkår og underskrift av gjeldsbrev på vegne av kommunen.
  - d. Avgjere oppstart av investeringar finansiert av ubundne fond, og sal av driftsmidlar og eigedom.
  - e. Fordeling av bevilgning til småinvesteringar innafor ei ramme på 100 000,- kroner.
  - f. Regulering av teknisk art innanfor drift og finans.(jf. finansreglementet)
  - g. Overføre unytta investeringsmidlar frå 2023 til 2024.
11. Kommunedirektøren vert gjeven fullmakt til å "fryse" budsjettpostar og ledige stillingsheimlar, dersom situasjonen skulle tilseie det.
12. Kommunestyret skriv ut eigedomsskatt på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav d. Eigedomsskattesatsen vert vidareført med 7 promille. Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg i sjø, jf. Esktl. § 4 tredje ledd. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Austrheim kommune vedtatt i kommunestyret i K[1]sak 083/17 i møte 14.12.2017, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2024, jf. esktl. § 10. For eigedomsskatteåret 2024 skal det også skrivast ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» i tråd med overgangsregelen eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal baserast på differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr og -installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 vert sett på som næringseigedom, og skal i 2024 vere lik 1/7 av differansen.

Eigedomsskatten vert skriven i to(2) terminar per år, i samband med kommunale avgifter. Siste alminnelege taksering i kommunen vart gjennomført i 2018 og 2019.

13. Det vert gjeve ei ramme på kr 993 600,- til kontrollutvalet.
14. Austrheim kommune gjev driftstilskot til følgjande organisasjonar:

- a. Austrheim Kyrkjelege Fellesråd kr 3 570 000,-
  - b. Austrheim Frivilligsentral kr 378 384,- (ekskl. statstilskot)
  - c. Austrheim ungdomsklubb kr 239 676,-
  - d. TV-aksjonen kr 30 000,-
15. Investeringsstilskot til Austrheim kyrkjelege fellesråd vert auka med 100 000,- kroner, totalt 300 000,- kroner pr år i økonomiplanperioden.
16. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
17. Godtgjersle til ordførar blir sett til same løn som stortingsrepresentantar og til løn til varaordførar er 9 % av ordførar si løn for 2024. Stortinget sin lønskommisjon gjer årleg framlegg i innstilling om godtgjersle for stortingsrepresentantane og løna til ordførar og varaordførar regulerast per mai 2024 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar.
18. Marginavsetning av innbetalt skattebeløp blir sett til 10 %.
19. Kommunestyret godkjenner at avdrag vert betalt i tråd med kommunelova §14-18.
20. «Gebyr- og betalingsatsar 2024» vert vedtekne slik dei ligg føre.

## **Saksopplysningar:**

### **Bakgrunn**

Formannskapet la i møte 02.11.23 kommunedirektøren sitt framlegg til handlings- og økonomiplan for 2024-2027 (HØP 24-27) og budsjett 2024 ut på høyring.

Høyringsfrist vart sett til 16.11.2023. Eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne handsama kommunedirektøren sitt framlegg i møta sine 14.11.2023. AMU og HTV vart framlagt framlegg til budsjett 2024 og HØP 24-27 i møte 16.11.2023.

Innan fristen har følgjande gjeve svar:

- Innbyggjarar på Leikvoll v/Helge Dyrkolbotn
- Kultur
- Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
- Samlingslista i Austrheim
- FAU Årås skule
- Ungdomsrådet
- Utdanningsforbundet
- NFU Austrheim
- Eldrerådet

I tillegg har Austrheim sokn gjeve innspel i førekant av budsjettet.

Framlegg til [«gebyr og betalingsatsar 2024»](#) ligg ved budsjettet som eige dokument og forskrift.

### **Utdrag frå kommunelova.**

#### **§ 14-3. Behandling av økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning**

*«Økonomiplanen for de neste fire årene og årsbudsjettet for det kommande året skal vedtas før årsskiftet. Årsregnskapene og årsberetningene skal vedtas senest seks måneder etter regnskapsårets slutt.*

*Kvart årsregnskap skal behandles samtidig med tilhørende årsberetning. Vedtaket om årsregnskap skal angi hvordan et eventuelt merforbruk i driftsregnskapet skal dekkes inn.*

*Formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning. Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak. I kommuner og fylkeskommuner med parlamentarisk styreform innstiller kommunerådet eller fylkesrådet til vedtak.*

*Innstillinga til økonomiplan og årsbudsjett, med alle forslag til vedtak som foreligger, skal offentliggjøres minst 14 dager før kommunestyret eller fylkestinget behandler den. Dette gjelder ikke for innstillinger om endring i vedtatt økonomiplan eller årsbudsjett.*

*Økonomiplanen, årsbudsjettet, årsregnskapene, årsberetningene og saksdokumentene fra det innstillende organet skal sendes departementet til orientering. Dette gjelder også revisjonsberetningen og kontrollutvalgets uttalelser til årsregnskapene og årsberetningene.*

*Departementet kan gi forskrift om frister for disse oversendelsene.»*

#### **§ 14-4. Økonomiplan og årsbudsjett**

*«Økonomiplanen skal vise hvordan langsiktige utfordringer, mål og strategier i kommunale og regionale planer skal følges opp.*

*Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vise kommunestyrets eller fylkestingets prioriteringer og bevilgninger og de målene og premissene som økonomiplanen og årsbudsjettet bygger på. De skal også vise utviklingen i kommunens eller fylkeskommunens økonomi og utviklingen i gjeld og andre vesentlige langsiktige forpliktelser. Vedtaket om årsbudsjett skal angi hvor mye lån som skal tas opp i budsjettåret.*

*Økonomiplanen og årsbudsjettet skal settes opp i balanse og være realistiske, fullstendige og oversiktlige. Økonomiplanen skal deles inn i en driftsdel og en investeringsdel. Årsbudsjettet skal deles inn i et driftsbudsjett og et investeringsbudsjett og stilles opp på samme måte som økonomiplanen.*

*Økonomiplanen kan inngå i eller utgjøre kommuneplanens handlingsdel etter plan- og bygningsloven.»*

§ 11-1 fjerde ledd. Departementet kan gi forskrift om bevilgningsoversikter, økonomiske oversikter og oversikter over utviklinga i gjeld.

#### **Vurdering**

Innan fristen er det komen ni høyringsvar til budsjettet. Desse er lagt ved saka og blir lagt fram til politisk handsaming og vurdering. Arbeidsmiljøutvalet (AMU) og fellesmøte for dei hovudtillitsvalde (HTV) hadde gjennomgang av budsjettet og HØP 24-27 i sine møter 16. november. Dei hadde ingen merknader til budsjettet.

Kommunedirektøren har vurdert høyringsvara og tek med seg verbalinnspela i det vidare arbeidet.

Kommunedirektøren vil gjere følgjande merknader til nokre av høyringsinnspela

### **1. Innspel frå innbyggjarar på Leikvoll v/Helge Dyrkolbotn**

- Ynskje om at vegen treng ei skikkeleg oppgradering med utbetjing av stikkrenner og asfaltering.

Merknad:

- Det er behov for oppgradering av fleire vegar. Kommunedirektøren ber om at det blir bedt om å koma med ei sak vedk standard, behov og kartlegging for oppgradering av kommunale vegar. Det gjev grunnlag for at det kan leggjast ei prioritert rekkjefølgje på vedlikehaldsmidlar til desse typen oppgraderingar og vedlikehald. Noko vil vere knytta til drift, medan ei oppgradering og forbetring vil vere investering.

### **2. Kultur**

Merknad:

- Innspela frå kultur er teken med. Tekstdelen var ein glipp som låg ved at tekst frå tidlagere budsjettokument hang med. Det er retta opp i.
- Tilskot til ungdomsklubben er justert i tråd med innspelet og ligg til grunn for kommunedirektøren si innstilling. Sjå punkt 14 C i innstillinga.

### **3. RFMNF, NFU og Samlingslista**

- Ynskje om å ha 100 % stillingar som arbeidsleiar for arbeidssenter og Grønt arbeid

Merknad:

- Det ligg i budsjettet 100 % stilling som leiar delt mellom arbeidssenter og grønt arbeid. Kommunedirektøren tek med innspela og vurderer dette på sikt.

### **4. Samlingslista i Austrheim**

- Viser til uttale.

Merknad:

- Barnehagane har i dag toppa bemanning.
- Samlingslista viser til møtegodtgjersle og endringar i denne. Kommunedirektøren har ikkje med endring av møtegodtgjersle i budsjettframlegget. Budsjettframlegget er bygt på vedteken forskrift for møtegodtgjersle for politisk møtegodtgjersle. Det kjem eiga sak om endring av møtegodtgjersle og kommunedirektøren vil endre budsjettet i tråd med dei endringane som vert vedteken og vil koma med ei budsjettjustering i første tertial i 2024.
- Endringar i organisasjon og tal einingsleiarar vil verte vurdert i samband med gjennomgang av organisasjonsstruktur. Dette arbeidet er venta slutført til påske.
- Konsulentbruk vert i størst grad nytta til funksjonar vi ikkje har i eigen organisasjon og vert halden på lågast mogleg nivå.
- Gjer merksam på at samlingslista viser til å redusere budsjettposten til nytt helse- og omsorgstun med kr 1 mill. Dette er investeringsmidlar og investeringsmidlar kan ikkje nyttast til å finansiere drift. Drift må finansierast av driftsbudsjettet.

### **5. FAU Årås skule**

- Medverknad i uteområdet og at uteområdet vert prioritert i 2024.

- Innkjøp av læremateriell i tråd med nye læreplanar for grunnskulen.

*Merknad:*

- Midlar til utomhusplan ligg i økonomiplan. Når økonomiplan er vedteken vil kommunedirektøren følge opp i tråd med reglement og involvering. Det er sett ned ei prosjektgruppe, der elevane har medverknad.
- Årås skule har tilgang på læremiddel/læringskjelder som er tilstrekkeleg for å dekke kompetansemåla/krava i læreplanen. Skulen er kjent med at det er eit klart ønske frå føresette og tilsette om at det som basis er lærebøker tilgjengeleg i faga. Det stemmer at det no førekjem stor grad av kopiering, noko som sjølv sagt ikkje er ønskeleg. Vi vurderer det slik at vi i framtida bør ha stor grad av balanse mellom fysiske og digitale læremiddel, der elevane møter ei breidde av ulike læringskjelder som samsvarer med det dei skal møte i vidare opplæring og yrkesliv. Vi har digitale ressursar, men ikkje i stort omfang. Kommunedirektøren vil gjere vurderingar i kva fag og omgang analoge læremiddel blir kjøpt inn.

**6. Ungdomsrådet**

- Ynskjer plassar ute som ein kan henge i/ved. Ynskjer kafe på senteret.
- Fortau frå senteret til Budalen.
- Lys i ballbinge og nytt nett i fotballmåla
- Psykisk helse – meir tid til helsesjukepleiar på skulane.
- Betre kollektivt transport på laurdagar og klubbkveldar
- Betre møblar på skulane. Kaland, Årås og Austrheim vgs.
- Havglede kr 20 000,-
- Dugnadspengar
- Kulturdagane

*Merknad:*

- Fortau frå senteret til Budalen bør vurderast i trafikktryggleiksarbeidet.
- Lys i ballbinge og nytt nett i fotballmåla bør sjåast i samanheng med oppgraderingar i utomhusplanen for Årås og innanfor rammer elles.
- Kommunen har ikkje høve å betra transporten, men kan i samarbeid med fleire instansar arbeide opp mot skyss for ei betring av kollektivtilbodet.
- Kaland skule har fått heilt nytt møblement i november. Årås vil få oppgradering dei neste åra gjennom økonomiplanen. Når det gjeld Austrheim vidaregåande skule har ikkje kommunen ansvar for dette og må då rettast til skulen og fylkeskommunen. Ungdomsrådet kan då arbeida opp mot vidaregåande skule.
- Midlar til Havglede har vore finansiert gjennom tilskot frå Gjensidigestiftinga og andre tilskot.
- Kulturdagane har ikkje vore gjennomført sidan før pandemien. Tilskotsordningar og kulturdag var noko av det som også vart teke ut når ein var i ein krevjande økonomisk situasjon og kom inn på ROBEK. Dette har ikkje vore teke innatt etterpå.
- Kommunedirektøren tilrår at ein går gjennom alle tilskotsordningar vi har i 2024 og vurderer desse. Levekårsutvalet er naturleg til å vurdere dette.

**7. Utdanningsforbundet**

- Læremiddel og læreverk.
- Miljørettleiar på Kaland skule.

- Høgare grunnbemanning.
- Allsidig tilbod i kulturskulen.
- Digitale ressursar.
- Klassestorleik.
- Tiltak for klasserom på småtrinnet Årås skule.
- Uteområde – ynskje om å prioritere også mellomsteget.
- Oppgradering og betring av garderobar og stellerom Kaland barnehage
- Kompetansebygging

*Merknad:*

- Kommunedirektøren tek med innspela frå Utdanningsforbundet og vil sjå på det som er mogleg å arbeide med.
- Ein legg opp til vidare allsidig tilbod i kulturskulen.
- Det er lyst ut og vil bli tilsett miljøretteleiar på Kaland skule i nov/des. Dette er ei kombinert stilling mellom miljøretteleiar og kontormedarbeidar.
- Det er plan om å på sikt fjerne radiatorar og «karmar» ved vindauge i klasserom på Årås. Det vil gje betre plassutnytting.
- Rektorar har handlingsrom og prioriterer midlane innanfor dei rammene dei har. Dei har handlingsrom til å prioritere digitale verktøy.
- Læreverk blir vurdert styrka.

**8. Eldrerådet**

- Leggje til rette for å bu heime lengst mogleg.
- Informasjon

*Merknad:*

- Kommunedirektøren tek med dei innspela som kjem frå eldrerådet. Ein må gjere det ein kan for at flest mogleg kan bu heime lengst mogleg.

Alle høyringssvara er vedlagt saka.

***Gebyr- og betalingssatsar 2024***

Framlegg til gebyr- og betalingssatsar ligg som eige dokument. Ein legg i stor grad opp til ei generell prisvekst på 3,7 %.

Barnehageprisane følgjer nasjonal sats. Foreldra skal ikkje betale meir enn makspris for barnehageplass. Kommunane kan tilby lågare satsen maksprisen. Barnehagen kan krevje betaling for kost (matpengar) i tillegg til maksprisen. Austrheim følgjer maksprisen og følgjer kostpris for mat/kostpengar. I framlegg til Statsbudsjettet (som blir vedteken i Stortinget i desember) er sett til kr 1 500,- Austrheim kommune er ein av dei 189 kommunane som står på lista over kommunar som spreiddbudd. [Prop. 1 S \(2023–2024\) - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)

Renovasjon og slam er føreslege justert i tråd med innstilling frå NGIR.

## **Oppsummert**

Handlings- og økonomiplan for 2024 –2027 og budsjett for 2024 blir vedteken på rammenivå og har søkelys på resultat og tenester i langt større grad enn på administrativ organisering av kommunen. Ei viktig målsetjing med budsjettet er også å synleggjere samanhengen mellom langsiktige mål i kommuneplanen, via budsjett og økonomiplan og ned til dei einskilde tiltak og investeringar.

HØP 24-27 og budsjett 2024 har stramme rammer, men forsvarleg. Økonomiplanen legg opp til forsvarleg bruk og ber preg av omstilling til å møte framtidens utfordringsbilete og tenestenivå.

Kommunedirektøren syner til gjennomgangen og framlegget av HØP 2024-2027 og budsjett 2024 i møte 02. november for kommunestyret og formannskapet.

Framlegget til handlings- og økonomiplan for 2024-2027 og budsjett 2024 vert lagt fram digitalt og gjennom framsiktløysinga. Ein finn framlegget ved å følgja denne lenkja: [Handlings- og økonomiplan 2024-2027 og budsjett 2024](#)

## **Konklusjon**

Framlegg til handlings- og økonomiplan 2024 – 2027 og budsjett 2024 vert vedteke i tråd med saksframlegget, vedlagte dokument og framlegg til punktvedtak.

## **Sakspartar**